

FOLKORG

ÅRSMELDING

2018



FOLK Organisasjon for
ORG folkemusikk og
folkedans

Formgjeving: Anbjørg Myhra Bergwitz

Foto framside: Ingvil Skeie Ljones

Foto bakside: Runhild Heggem

Fotografer: Audun Stokke Hole, Ingvil Skeie Ljones, Knut Utler, Thor Hauknes, Thomas Westling, Runhild Heggem

Postadresse:

FolkOrg
Postboks 4613 Sofienberg
0506 Oslo

Besøksadresse:

Vis-à-vis Herslebs gate 2c

Nett: www.folkorg.no
E-post: post@folkorg.no
Tlf.: 22 00 56 22



INNHOOLD

4 Om FolkOrg

8 Vurdering av måloppnåing

14 Særskilde satsningar for 2017-2019

18 Organisasjonens arbeidsfelt i meldingsåret

18 Kulturpolitisk arbeid

19 Lagsutvikling

20 Tilskotsordningar

21 Arrangørutvikling

23 Utøvarutvikling

24 Kappleikar og festivalar

29 Informasjon

31 Vedlegg

OM FOLKORG

STYRET OG ARBEIDSUTVALET

Styret etter landsmøtet 2017:

Hilde Reitan (styreleiar)
Camilla Granlien (nestleiar)
Helene Myklemyr Bolstad (nestleiar)
Thor Hauknes (styremedlem)
Kjellbjørn Karsrud (styremedlem)
Kristian Ihle Hanto (styremedlem)
Silje Solberg (styremedlem)
Thomas Nilssen (1. varamedlem)
Helene Høye (2. varamedlem)
Ole Erik Feragen (3. varamedlem)



I meldingsperioden har styret hatt fem møte, to av dei var todagarsmøte. På møta har styret handsama 57 saker. I tillegg til dei faste medlemmene har første varamedlem vore innkalla fast til alle møte.

I meldingsåret har styret hatt ulike representasjonsoppgåver, til dømes på Landskappleiken, Landsfestivalen, årsmøte i områdelag og på høyringar, møte med politikarar og andre relevante møte. Styremedlemmer har elles vore på vitjing til heidersmedlemmer som har fylt rundt år.

Styret eller administrasjonen har vore til stades på årsmøta i sju av ti områdelag.

Arbeidsutvalet (AU) i organisasjonen har i meldingsåret vore:

Hilde Reitan, Camilla Granlien og Helen Myklemyr Bolstad

Dagleg leiar har vore sekretær. AU har i meldingsperioden hatt tre møte. Stadig fleire saker vert drøfta med AU per e-post.

Fagutval for yrkesutøvarar har i meldingsåret vore:

Ole Nilssen, Britt Pernille Frøholm og Ingebjørg Longvik Reinholdt.

Fagutvalet har ikkje hatt fysiske møte i 2018, men har hatt eitt Skype-møte og har elles vore tilgjengeleg for styret og administrasjonen.

Referansegruppe for nettverket for folkemusikkarrangørar

Frå Folkelarm 2017 utgjorde Ingebjørg Nomeland frå Førdefestivalen, Tove Solheim og Åshild Vetrhus frå Ryfylkemuseet og Nina Fjeldet frå Kalottspel referansegruppa.

Frå Folkelarm 2018 vart Ellen Persvold frå Jørn Hilme-stemnet, Per Idar Almås frå Førdefestivalen og Ranveig Aas frå FOLK valde som ny referansegruppe.

MEDLEMSKAP/MEDLEMSLAG

Medlemstal

FolkOrg hadde 4 446 medlemmer pr. 31.12.2018. Det er 86 fleire enn i 2017. Av desse var det 623 born/ungdommar (t.o.m. 18 år). Det er ein nedgang på 17 born/ungdommar. Det vil seie at talet på vaksne medlemmer har gått opp, medan talet på unge går litt ned. Sjå meir om utviklinga under måloppnåing.

Medlemslag

Pr. 31.12.2018 hadde FolkOrg:

- 143 lokale medlemslag, det er ein nedgang på eitt medlemslag.
- 10 områdelag, som i 2017.

Medlemskap i andre organisasjonar:

FolkOrg er medlem i:

- Norsk musikkråd
- Frivillighet NORge
- Kulturalliansen
- Musikkindustriens Næringsråd

Landskappleiken og Landsfestivalen er medlemmer i Norske festivaler. Folkelarm er medlem i Norske Konsertarrangører.

FolkOrg er medstiftar av:

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den Norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Etnisk Musikkklubb (medstiftar og deleigar)
- Musikkutstysordningen
- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans
- Kulturalliansen



HEIDERSMEDLEMSKAP

Elisabeth Kværne

vart utnemnd til heidersmedlem i FolkOrg under Landskappleiken på Trysil. Vi har per 31.12.2017 39 heidersmedlemmer i FolkOrg.

Følgjande heidersmedlemmer gjekk diverre bort i 2018: Leif Rygg og Olav P. Hjelvik.

ADMINISTRASJON

Administrasjonen held til i eit kontorlokale i Trondheimsveien 2, bygg J. Kontorlokala ligg i Schous Kulturbryggeri, og organisasjonen har kontorfellesskap med fleire andre sentrale musikkorganisasjonar.

I administrasjonen var det til saman sju faste årsverk, i tillegg har vi til saman 0,4 årsverk som kan brukast til å leige inn ekstrahjelp og konsulentar når det trengst.

Administrasjonen har i tillegg til det som er nemnt i langtidsplanen, sjølvstøtt ei rekke andre oppgåver som tek mykje tid, men som ikkje alltid er like synlege. Døme på det er fakturering, økonomioppfølging, oppdatering av medlemssystem, personaloppfølging,

sakshandsaming og møteførebuingar, forsikringar, abonnementsoppfølging, rapporteringar, jamleg oppdatering av nettsider, svar på ulike førespurnader og andre oppgåver som er naudsynte når ein driv ein arbeidsplass.

FolkOrg har ein liten administrasjon med mange oppgåver, og periodar der arbeidspresset toppar seg. Det er difor viktig at vi har eit velsmurt lag som kommuniserer godt med kvarandre. Styret har av den grunn prioritert å bruke pengar på eit organisasjonsutviklingsprosjekt i 2018, med både samlingar for heile administrasjonen og med leiarutvikling. Vi har nytta firmaet Steg for steg til det. Prosjektet held fram i 2019, men med færre samlingar.

Tilsette i meldingsåret har vore:


Linda Dyrnes	Dagleg leiar
Jorun Hagen	Kontormedarbeidar
Audun Stokke Hole	Redaktør i bladet Folkemusikk
Liv Annette Nygjerdet	Informasjonsrådgjevar
Øyvind Sandum	Rådgjevar med ansvar for lokallag og arrangørar
Ingrid Schei Stuhaug	Rådgjevar for Landskappleiken, Landsfestivalen og lokalkappleikar
John Stenersen	Rådgjevar med ansvar for utøvarutvikling og prosjektleiar for Folkelarm

I tillegg har vi tilsett Marta Lindvik, Hilde Nora Ringstad og Torbjørn Bergwitz Lauen i mindre engasjement delar av året.

ØKONOMI OG REKNESKAP

Rekneskapan for 2018 ligg ved årsmeldinga, med meir detaljerte kommentarar.

Rekneskapan for 2018 syner eit overskot på kr 416 545. Dei statlege driftstilskota har ikkje vore indeksregulerte sidan 2015, noko som utgjør ein realnedgang på 655 000 kr. Vi legg stor vekt på kostnadskontroll, det har bidrege til det positive resultatet. Dessutan arbeider vi aktivt for å finne alternative finansieringskjelder til beste for medlemmene. Finansiering via private gjevarar, som til dømes Dextra Musica, løyser ut gåveforsterkingsmidlar frå Kulturdepartementet.



VURDERING AV MÅLOPPNÅING





Måla som er sette i langtidsplanen til FolkOrg, er ikkje alle like enkle å måle. Det er målsettingar som er langsiktige, og som ikkje er av ein slik art at vi kan seie at vi no har oppnådd dei. Det kan vere ei utfordring å finne målemetodar som er objektive, samstundes som dei gjev oss informasjon som er av verdi. Vi har ikkje prioritert å bruke mykje tid på å gjennomføre større undersøkingar, men har valt nokre metodar som kan gje ein indikasjon. I tillegg til konkrete tal vil nokre mål òg bli vurderte kvalitativt.

FOLKEMUSIKK- OG DANSETRADISJONANE I NOREG STÅR STERKT

Indikatorar på oppnåing av målet:


- Det er attraktivt å utøve, formidle og undervise i folkemusikk og -dans.
- Det er attraktivt å arrangere kappleikar, kurs, konsertar og dansefestar.
- Det er attraktivt å delta på arrangement og kappleikar.

Målemetodar




Deltaking på Landsfestivalen i gammaldansmusikk

■ Deltakarar ■ Innslag




Økonomisk resultat - Landsfestivalen i gammaldansmusikk




Musikkens studieforbund

■ Tal på studietimar i lokallag hos FolkOrg




Musikkens studieforbund

■ Tilskot til lokallag i FolkOrg




Frifond organisasjon

■ Tal på søknader frå lokallag i FolkOrg




Frifond organisasjon

■ Tilsegnssum fra Norsk musikkråd til fordeling i lokallag i FolkOrg




Tal på søknader – Rekrutteringsstønad frå FolkOrg




*) Frå 2015 er det berre éin søknadsrunde for FolkOrgs rekrutteringsstønadsordning


Tal på søknader – Momskompensasjon



Søklarar til INTRO-folk



Billetsal Folkelarm



*) 546 billetter og 62 delegatpass

Oppsummert for målet «Folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg står sterkt»:

Ut frå dei indikatorane vi nyttar, så er det ein god og stabil aktivitet innanfor folkemusikksjangeren i Noreg. Deltakinga på Landskappleiken held seg stabilt høg. Det same kan vi seie om Landsfestivalen i gammaldansmusikk, sjølv om vi her kan sjå litt meir variasjon ut frå tidspunkt og plassering av arrangementet. Begge arrangementa har ein

god økonomi. Vi har indikasjonar på aktiviteten i laga våre ut frå søknader og tilsegner frå Frifond, Musikkens studieforbund og vår eiga rekrutteringsordning. Tilsvarende har vi frå talet på søknader om momskompensasjon. Tala er ganske stabile også her, sjølv om vi gjerne skulle ha sett fleire søknader til Musikkens studieforbund frå våre lag. Når det gjeld det profesjonelle feltet, ser vi at Folkelarm har etablert seg som eit stabilt og populært arrangement.


FOLKEMUSIKKEN OG -DANSEN I NOREG ER KJEND OG SYNLEG NASJONALT OG INTERNASJONALT

Indikatorar på oppnåing av målet:

- Auka interesse for og kunnskap om folkemusikk og -dans
- Auka omtale og bruk av folkemusikk og -dans

Målemetode

Tal på abonnentar av bladet Folkemusikk




FOLKORG ER EIN VIKTIG RESSURS PÅ FOLKEMUSIKK- OG FOLKEDANSFELTET.

Indikatorar på oppnåing av målet:


- Vi skal nytte og synleggjere kompetansen og erfaringa til medlemmene
- Det er attraktivt å vere medlem i FolkOrg.
- FolkOrg er ein tydeleg og synleg kulturpolitisk aktør
- FolkOrg er ein attraktiv samarbeidspartnar.

Målemetodar


Tal på medlemmer totalt



Tal på medlemmer




*) Registreringa av yrkesutøvarar hadde ikkje byrja



Kvalitative vurderingar:

- Medlemmer vart nytta til foredrag på Folkelarm.
- På alle dei store arrangementa våre får medlemmene syne kompetansen sin i folkemusikk og -dans.
- Vi har vore i dialog med fleire medlemmer for å få deira syn på ulike saker.
- Vi har vore aktive i å markere oss overfor politikarar gjennom møte, høyringar – både skriftlege og munnlege – og gjennom annan direkte kontakt. Vi har hatt møte med alle partia i familie- og kulturkomiteen, med unnatak av Arbeidarpartiet, og med statssekretær i Kulturdepartementet, Frida Blomgren. Både familie- og kulturkomiteen og politisk leiing i Kulturdepartementet er godt kjende med FolkOrg.
- Vi er med i ei rekke samarbeidsforum og samarbeidsprosjekt både innanfor og utanfor folkemusikkmiljøet. Døme på det er arrangørforum, samrådsmøte for folkedans, folkemusikksenter, Frivillighet Norge, Norsk musikkråd, Kulturalliansen, Samspill, Møst og Musikkindustriens næringsråd.
- Vi arrangerte debatt under Arendalsuka saman med Arrangørforum. Etter debatten arrangerte Arrangørforum konsert med Erlend Ropstad og Erlend Viken.
- Vi var medarrangør då arrangørforum, MFO og Norsk museumsforbund arrangerte debatt om kulturbudsjettet to dagar etter at det vart lagt fram. Både i den debatten og debatten under Arendalsuka stiller topp kulturpolitikarar opp.
- Vi har ein auke på 86 medlemmer samanlikna med 2017. Det er 17 færre medlemmer under 18 år, noko som skil seg frå tendensen dei siste to åra, der talet på born og unge har auka. Det er for tidleg å seie om det er ein ny tendens.



SÆRSKILDE SATSINGAR FOR PERIODEN 2017–2019

REKRUTTERING	INFO / SYNLEGHEIT / FORMIDLING
<ul style="list-style-type: none"> FolkOrg skal ha ti godt fungerande rekrutteringsprosjekt i Noreg gjennom samarbeid med Dextra Musica. Vi skal utvide idébanken for samarbeid mellom lag og kulturskole. 	<p>INTERNT</p> <ul style="list-style-type: none"> Vi vil betre kontakten mellom sentralledet og medlemmer, gjennom oppsøkjande verksemd og utvikling av eksisterande informasjonskanalar. <p>EKSTERNT</p> <ul style="list-style-type: none"> Vi skal jobbe for å få meir folkemusikk og folkedans i ulike medium. Vi skal arbeide for at folkemusikk og folkedans er ein naturleg del når norsk kultur blir presentert. Vi skal samarbeide med Noregs Ungdomslag og andre organisasjonar for å vidareutvikle Folkepedia.
FOLKEDANS	DET PROFESJONELLE FELTET
<ul style="list-style-type: none"> Vi skal samarbeide med Sff og NU for å rekruttere fleire danseinstruktørar og synleggjere dei, og gjere eksisterande instruksjonsmateriell kjent. Vi skal samarbeide med laga om å få opp talet på dansefestar. Vi skal samarbeide med NU og SFF om å søkje tilskot frå Talent Norge til å etablere eit ungdomsdansekompani. 	<ul style="list-style-type: none"> Vi skal bidra til å utvikle nasjonalt og internasjonalt samarbeid og nettverk, for å skape ein større marknad for norske folkemusikarar og folkedansarar. Vi skal arbeide for at det skal utbetalast vederlag for bruk av tradisjonelt materiale gjennom TONO-systemet. Vi skal bidra til å utvide og styrke arrangørfeltet, for å få fleire folkemusikk- og folkedansarrangement.

OPPNÅING AV MÅL FOR DEI SÆRSKILDE SATSINGANE:

Rekruttering

FolkOrg gav tilskot til ti rekrutteringsprosjekt gjennom gåva vi har fått frå Dextra Musica 2018. Vi skulle eigentleg gje til åtte prosjekt i 2018, men vi var så heldige å få kr 200 000 ekstra frå Dextra Musica, då det var så mange gode prosjekt. Totalt har vi 11 rekrutteringsprosjekt i gang med tilskot frå Dextra

Musica.

Idébanken for samarbeid mellom kulturskular og lag er publisert. Vi skal nytte erfaringane frå rekrutteringsprosjekta inn i idébanken, slik at vi får fleire idear inn der.

Info / synlegheit / formidling

I 2018 har FolkOrg vore representert på mange tilstellingar. I januar var det styremøte i Trysil, der vi fekk møte både arrangørlaget og fleire av lokallaga rundt Trysil. Både Folkedanslaget Springar'n og Trondheim toradergruppe har vorte nye lokallag, og FolkOrg har kontakt med heile fem lag som vurderer medlemskap frå 2019.

Vi har vore til stades på fleire av kappleikane i regionane, og vi har vore representerte på årsmøta til områdelaga i Trøndelag, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Buskerud, Hedmark, Gudbrandsdal og Valdres. Erfaringa er framleis at medlemmene lettare tek kontakt med FolkOrg-styret og -administrasjonen når vi møter medlemmene fysisk på slike tilstellingar.

Gjennom arbeidet med Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk arbeider styret og administrasjonen tett med lokale arrangørar. Det er med på å betre kontakten.

Styret har forsøkt å legge fleire styremøte i ulike delar av landet for å besøke lokallaga, men det viser seg å krevje mykje planlegging og er ganske kostbart. Vi har komme fram til at det er betre at styrerepresentantar stiller opp på ulike arrangement i ulike regionar. Då har dei også betre tid til å ha gode møte med lokallaga der. Det er ei løysing vi vil nytte meir framover.

I 2018 gjekk vi meir bort frå å sende ut egne nyhendebrev via Mailchimp. I staden vil vi bruke

meldingssystemet i StyreWeb. Då går meldingane som e-post direkte til dei som er tillitsvalde. Dette har betra responsen, og vi merkar at ein når betre fram ved å bruke meldingssystemet i StyreWeb. Blant anna ser vi ein auke i kor mange som søker på ulike stønadsordningar.

Vi har jamleg kontakt med NRK om å nytte folkemusikk. I samband med Folkelarm og Meisterkonserten i Operaen engasjerte vi PR-byrået Kulturmeglerna for å få fleire oppslag i nasjonal medium. Det resulterte mellom anna i eit lengre innslag på Kveldsnytt om meisterkonserten og om årets folkemusikar, Anne Hytta, og eit innslag med Bendik S. Qvam på bukkehorn i P3 Morgen.

I møte med politikarar har vi løfta fram problemstillinga om å nytte norsk folkemusikk og folkedans i presentasjon av Noreg. Dei fleste vert overraska over å høyre at det ikkje blir gjort i større omfang.

Vi er ikkje komne lenger med Folkepedia-prosjektet, men har løfta ideen for politikarar.

Vi oppdaterer stadig nettsidene våre og har eit mål om å samle informasjon frå FolkOrg og artiklar frå magasinet Folkemusikk på ein betre måte framover.

Vi har starta utviklinga av utøvar katalogen, som kjem til å få domenet www.folkartist.no. Det er ikkje klart kva tid denne nettsida er klar for publisering.

Folkedans

Arbeidsfeltet folkedans er løfta inn i samrådsmøte for folkedans. Etter mange rundar om ein eventuell søknad til Talent Noreg om eit ungdomsdansekompani kom vi saman med dei etablerte dansekompania i vår sjanger fram til at det ikkje er det feltet treng. Det som trengst, er ei bachelorutdanning i scenisk folkedans. Vi vil difor arbeide for å få det til, og nytte kreftene på det i staden.

Frå desember 2017 etablerte Noregs Ungdomslag og FolkOrg samarbeids møte ein gong i månaden for å samarbeide om felles mål rundt folkedansen. Det har mellom anna resultert i eit seminar på Folkelarm

om dansearrangement. Det var stort oppmøte og sterkt engasjement på det møtet. Styret valde også å sette av kr 100 000 av gåveforsterkingsmidlane vi fekk, til ei tilskotsordning for dansearrangement, i første omgang for gjennomføring i 2019. Det kom 43 søknader, og vi fordelte midlar til 19 ulike prosjekt.

Vi er ikkje i mål med å rekruttere fleire danseinstruktørar og gjere eksisterande instruksjonsmaterieell kjent. Vi håpar at utøvar katalogen, folkartist.no, vil bidra til å gjere danseinstruktørane kjende. Den er under utarbeiding.

Det profesjonelle feltet

Gjennom deltaking på Womex, Nordic Folk Alliance, Northern Folk Expo og By:larm har vi jobba med det internasjonale nettverket vårt og diskutert ulike prosjekt.


Vi jobbar med ei satsing på norsk folkemusikk i Tyskland i 2019 og har fått støtte frå NORLA til ein turné med Eplemøya Songlag og Raabygg. Christian Pliefke i Nordic Notes organiserer turnéen. Vi håpar på å få til åtte konsertar, der den siste er laurdagen på bokmessa i Frankfurt. På Folkelarm har vi også eit delegatprogram med både norske og internasjonale delegatar. Det gjev oss gode kontaktar nasjonalt og internasjonalt. Vi arbeider heile tida for å finne dei beste internasjonale delegatane og for å få fleire norske delegatar utanfor kjernen av folkemusikkarrangørar til å komme på Folkelarm. Anne-Mari Hakamäki frå Kaustinen-festivalen, Craig Corse frå Orkney Folk Festival, Malin Spjut frå Urkult og Maria Theessink frå Tønderfestivalen var på Folkelarm for første gong i år.

Vi har ei arbeidsgruppe som jobbar med problemstillinga kring utbetaling av TONO-vederlag for bruk av tradisjonsmateriale. Medlemmene i gruppa er Tellef Kvifte, Åshild Vetrhus og Karl Seglem. Vi har hatt nokre møte i gruppa. Vi hadde òg eit godt

vitja seminar på Folkelarm om "Folkemusikken og tonosystemet". Arbeidet held fram i 2019.

Gjennom samarbeidet i Arrangørforum arbeider vi for å styrke arrangørfeltet. Vi held fram med statistikkinnhenting og har henta inn tal for 2017, men har venta med å lansere tala fordi undersøkinga vår no er kopla til ei større utgreiing som Kulturdepartementet har bestilt gjennom Telemarksforsking. Arrangørforum har også arrangert politikardebatt under Arendalsuka, der både kulturministeren og dei sentrale kulturpolitikarane på Stortinget deltok. Tittelen på debatten var: "Kulturen inn i en ny tid: politikk, verktøy og resultater". I tillegg arrangerte vi saman med fleire andre ein debatt i Oslo om kulturbudsjettet rett etter at statsbudsjettet var lagt fram. I begge desse debattane fekk vi fram kva som var viktig for arrangørane. Tilskotsordninga til arrangørar i kulturfondet vart styrkt, men vi arbeider for ytterlegare styrking.

Gjennom Norsk musikkråd er det blitt forhandla fram ei ny TONO-avtale for både lokallaga våre og dei minste heilårsarrangørane. For vår sjanger betyr det dei aller fleste heilårsarrangørane.



ORGANISASJONENS ARBEIDSFELT I MELDINGSÅRET

KULTURPOLITISK ARBEID

Statsbudsjettet

Vi har levert innspel til statsbudsjettet. I innspela la vi vekt på desse sakene:

- Potten til musikktiltak i Norsk kulturråd må aukast med ytterlegare 10 millionar kr.
- Driftstilskotet til nasjonale interesse- og medlemsorganisasjonar må flyttast frå Norsk kulturråd til Kulturdepartementet.
- Vi stør Kunstnernettverket i ein auke på 100 nye heimlar til kunstnarstipend.
- Vi må få ein forpliktande opptrappingsplan for full momskompensasjon for lag og foreiningar.
- Kuttet i kulturmidlar i Utanriksdepartementet må reverserast og potten aukast.
- Vi er bekymra for at stadig meir av finansieringa av kulturtiltak blir finansiert gjennom speloverskot.
- Musikkutstysordninga må aukast med 30 millionar for å kunne gje tilskot til alle sjangrar og kulturformer.
- Det er positivt at Stortinget gav ein auke til å styrke vekeskursa på Ole Bull Akademiet, auke til Fond for lyd og bilde, driftstilskot til Kulturalliansen og Balansekunst og 10 millionar til Nasjonalmuseet for å digitalisere audiovisuelt kulturarvsmateriale for arkiv, museum o.l

I tillegg til å levere innspel var vi til stades og kom med innspel i budsjetthøyringane i både familie- og kulturkomiteen og utanriks- og forsvarskomiteen i Stortinget. Vi arrangerte debatt om kulturbudsjettet i samarbeid med Arrangørforum, Musikernes fellesorganisasjon, Norsk museumsforbund og Balansekunst.

Høyringar

Vi har sendt høyringsinnspel om desse sakene:

- om momskompensasjon for frivillige organisasjonar
- om rapporten frå ekspertutvalet om oppgåvefordeling mellom stat og region
- om framtidig organisering av Stiftinga for folkemusikk og folkedans
- om kulturmeldinga før ho vart skriven
- om SVs kunstnarpolitikk
- om MDGs kulturpolitikk.
- om læreplanar i musikk og kroppsøving i samarbeid med Noregs Ungdomslag, Senter for folkemusikk og folkedans, Valdres folkemusikkarrangement, Riksscenen, folkemusikkstudiet ved NMH og Institutt for tradisjonskunst og folkemusikk (USN)

Anna kulturpolitisk arbeid

- Vi arrangerte politikardebatt i Arendal saman med Arrangørforum.
- Vi har hatt møte med dei ulike partia i familie- og kulturkomiteen på Stortinget.
- Vi har hatt møte med statssekretær i Kulturdepartementet Frida Blomgren.
- Gjennom medlemskap i Musikkindustriens næringsrådet var vi medarrangør av debatt om kulturmoms og verdigap under By:larm
- Vi har delteke i ei rekke møte av kulturpolitisk art i 2018. Sentrale tema på fleire av desse har vore kulturmeldinga og frivilligheitsmeldinga som skulle komme.
- Vi arbeider for å få representantar frå folkemusikkmiljø inn i styre og utval der det er viktig å få fram vårt perspektiv.

LAGSUTVIKLING

Det blir kontinuerleg sendt ut informasjon om aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar til lokallag og områdelag i form av e-post, innlegg på Facebook og artiklar på heimesida. Det blir òg teke kontakt per telefon med ulike lokallag om aktuelle hendingar. Vi har jamleg gjeve laga råd i samband med mellom anna søknadsskriving, søknad om medlemskap i FolkOrg, rekruttering, og om lovar og reglar kring drift av spel- og dansarlag og liknande. Ved å vere ute på arrangement og tilstellingar og møte medlemmene fysisk ser vi at det vert enklare for medlemmene å ta kontakt når dei treng hjelp. Det er etter kvart mange lag som tek kontakt når dei treng hjelp.

Årets lokallag

Prisen til årets lokallag vart i 2018 delt ut for sjuande gong. Det skjedde under Folkelarm i november. I 2018, som i 2017, var kriteriet at prisen skulle gå til eit lag som gjer ein vesentleg innsats for at folkemusikken og folkedansen er synleg i samfunnet, gjerne gjennom samarbeid med ulike institusjonar eller andre organisasjonar, og gjerne på tvers av sjangrar. Dei nominerte laga var Hardanger Spelemannslag, Lom Spel- og dansarlag og Mukampen spel- og dansarlag. Vinnaren av prisen på kr 10 000 vart Hardanger Spelemannslag. Hardanger Spelemannslag er eit lag som held til i eit område med rike tradisjonar både innanfor spel, dans og song. Laget gjer eit godt arbeid for å halde tradisjonane i hevd, både med tanke på rekruttering, oppretthalding av miljø, dokumentasjon og ved å gjere musikken kjend utanfor sin region. Hardanger Spelemannslag har eit godt samarbeid med fleire kulturaktørar i sitt distrikt og markerte i 2018 70-årsjubileum både heime og på Riksscenen i Oslo. Laget har medlemmar både i sitt distrikt, andre stader i Noreg og i andre land – til og med i Japan!

Besøke lokallag og områdelag

FolkOrg har i meldingsåret vore på sju av ti årsmøte i områdelaga. Fleire av årsmøta vert lagde til regionale kappleikar, noko som gjer at ein òg får

høve til å treffe mange representantar frå dei ulike lokallaga. Dette har vorte godt motteke på dei ulike arrangementa.

Vi har hatt kontakt, både fysisk og pr. telefon og e-post, med mange av lokallaga og områdelaga i organisasjonen. Tema har vore både nye lokallag, rådgjeving om arbeidet i lokallag/områdelag, søknadsskriving og stønadsordningar, interne utfordringar og mykje meir.

Rekrutteringsprosjekt

I desember 2016 fekk FolkOrg ei gåve frå Dextra Musica til eit treårig rekrutteringsprosjekt. Tildelinga i 2017 var på kr 700 000. Av dette gjekk kr 500 000 direkte til fem pilotprosjekt og dei resterande 200 000 til administrativt arbeid og fellesaktivitetar for dei fem prosjekta. I 2018 fekk FolkOrg utvida gáva til 2020. Vi fekk til saman kr 3 200 000 frå 2018 til 2020. Frå 2018 gjev Dextra Musica og FolkOrg stønad til desse prosjekta:

- Bølingen (Akershus, Oslo og omegn)
- FolkemusikkUNG (Valdres)
- FolkRekrutt (Gudbrandsdalen)
- Fuglen (Rogaland)
- Leik lengst nord (Lakselv/Porsanger)
- Morgondagens spelemenn (Bergen)
- Nøringen (Voss/Hardanger)
- Raudan Gull (Møre og Romsdal)
- SPREK! (Hedmark)
- TØFT (Sogn og Fjordane)
- Ung Halling (Hallingdal)

Dei fleste av rekrutteringsprosjekta var til stades under fellessamlinga torsdag 8. november under Folkelarm i Oslo. Der hadde vi med Viggo Bjørge som innleiar og motivator. Han har hatt mange verv innanfor korpsrørsla, spesielt i heimfylket Hordaland. Det var god motivasjon i å få gode innspel frå ein person frå eit anna miljø og ein anna sjanger.

TILSKOTSORDNINGAR

Momskompensasjon

Lokallag, områdelag og aksjeselskap kan søkje momskompensasjon gjennom FolkOrg, og i 2018 fekk FolkOrg inn 56 søknader (utanom sentralleddet). FolkOrg sende ein samla søknad med godkjende driftsutgifter på kr 20 538 675 (inkludert sentralleddet). Utført avkorting av det godkjende søknadsbeløpet var i år 25,45 % for alle ledd som inngår i søknaden. Etter avkorting fekk FolkOrg (sentralleddet) momskompensasjon på kr 460 520, Valdres folkemusikkarrangement AS kr 196 722, områdelaga (åtte lag) kr 103 277 og lokallaga (47 lag) kr 311 311. Til saman var kompensasjonen på kr 1 071 780.

Frifond organisasjon

FolkOrg fekk i 2018 tilsegn om kr 540 467 til utdeling gjennom Frifond organisasjon frå Norsk musikkråd. Det er om lag kr 4 000 meir enn i 2017. Det kom

inn 33 søknader (ein auke på 50 % sidan 2017!) frå lokallaga med ein søknadssum på til saman kr 980 100. 24 av søknadene fekk tilskot.

→ *Liste over mottakarar av tilskot frå Frifond ligg ved denne årsmeldinga.*

Rekrutteringsstøtte

Rekrutteringsstøtta er retta mot særskilde tiltak som kan fremme rekruttering i lokallaga i FolkOrg. Søkjarar kan vere lokal- og områdelag som er medlemmer i FolkOrg, eller andre som arbeider aktivt for rekruttering til laga.

Rekrutteringsstøtta hadde i 2018 totalt kr 150 000 til fordeling. I utgangspunktet er støtta på kr 100 000, men styret i FolkOrg valde å auke potten i 2018 til kr 150 000. Totalt 24 av søknadene fekk stønad.

→ *Liste over mottakarar av tilskot frå rekrutteringsstøtta ligg ved denne årsmeldinga.*



ARRANGØRUTVIKLING

Informasjon og rådgjeving

Gjennom nettstaden folkorg.no, e-post og Facebook-sida har FolkOrg i meldingsåret kommunisert aktuell og relevant informasjon til folkemusikkarrangørane.

Nettverket for folkemusikkarrangørar

FolkOrg arrangerte nettverksmøte for folkemusikkarrangørar under Folkelarm 2018. Mellom anna var det eit tema om deltakarane i nettverket bør bli medlemmer i FolkOrg. Nettverket for folkemusikkarrangørar stilte seg positive til dette og meiner mellom anna at ein står sterkare politisk med medlemskap. Det er òg ekstra viktig for dei små arrangørane. Referansegruppa for 2018 har vore Ingebjørg Nomeland frå FolkJazz-scena i Førde og Førdefestivalen, Tove Solheim og Åshild Vetrhus frå Ryfylkemuseet og Nina Fjeldet frå Kalottspel. Ny referansegruppe i 2019 er Ellen Persvold (Jørn Hilme-stemnet), Per Idar Almås (Førdefestivalen) og Ranveig Aas (TrondheimFOLK).

Årets folkemusikkarrangør

FolkOrg delte i 2018 ut prisen «årets folkemusikkarrangør» for sjuande gong. Kriterium for valet var, som i 2018, at «FolkOrg vil gje prisen for årets folkemusikkarrangør 2018 til ein arrangør som har evne til å skape interesse og entusiasme for dansen og musikken, gjennom gode arrangement». Dei nominerte arrangørane var Heme dine, Trad Session og TrondheimFOLK. Trad Session gjekk av med sigeren og fekk utdelt prisen på kr 10 000 under prisutdelinga på Folkelarm i november.

Deltaking på festivalar, arrangement og regionale bransjetreff

Leiinga i FolkOrg har som mål å få med seg nokre norske folkemusikk- og folkedansfestivalar og -arrangement kvart år. Representantar frå styre og administrasjon har vore til stades på fleire festivalar,

arrangement og konferansar, til dømes By:Larm, VM på toradar og på friviljugfestar. Vi skulle gjerne ha vore representerte på endå fleire festivalar, bransjetreff og liknande, men har ikkje kapasitet til så mange som vi ønskjer.

Arrangørforum

FolkOrg er ein av samarbeidspartane i Arrangørforum. Dei andre partane er Norsk jazzforum, Norske Konsertarrangørar, Norske festivaler, Norsk Viseforum, Norsk Bluesunion, Klassisk, nyMusikk og Norsk kulturhusnettverk. Arrangørforum samarbeider om kulturpolitisk påverknadsarbeid på arrangørfeltet og driv kompetansedeling.

Arrangørforum har hatt to møte for heile gruppa i 2018, der administrasjonen i Kulturrådet var representert på begge. Det syner at dei ser på Arrangørforum som ein viktig aktør. Det er også tydeleg at kulturpolitikarane er godt kjende med Arrangørforum og det arbeidet vi gjer.

I tillegg til desse møta har det vore fleire møte i arbeidsgrupper som er sette ned av Arrangørforum. Desse har mellom anna jobba med statistikk, høyringsinnspel på kulturmeldinga, debatt under Arendalsuka og kulturbudsjettdebatt i Oslo, og kulturpolitisk plattform og prioriteringar. I tillegg arbeider nokre av medlemmene saman om flytting av driftstilskotet.



UTØVARUTVIKLING

Det har vore lagt vekt på å gje kontinuerleg informasjon om relevante kurs og søknadsfristar for feltet, og på oppfølging av viktige kulturpolitiske saker.

Gruppa for yrkesutøvarar

Registeret for medlemmer i FolkOrg som reknar seg som yrkesutøvarar, tel 200 personar pr. 31.12.2018. Det er ein auke på 27 frå året før. Det er frivillig å melde seg inn i registeret, og med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller folkedans. Pedagogar innanfor feltet og instrumentmakarar blir rekna som yrkesutøvarar i FolkOrg, i tillegg til dei som lever av musikk- og danseutøving.

INTROfolk

Vi gjennomførte Introfolk, og vinnaren vart Ole Nilssen. Han var i finalen med Rasmus Kjørstad og Ingvild Blæsterdalen. Han vann Gramo-stipendet på 100 000 kr, speleoppdrag på Riksscenen i 2019, showcase på Folkelarm i 2019 og tittelen "årets unge folkemusikar". Premien vart delt ut under Meisterkonserten i Operaen, der han òg fekk spele ein slått. Vi fekk 50 000 kr av Gramo til gjennomføringa av konkurransen, FolkOrg stilte med 50 000 kr, og NRK betalte 10 000 kr i sendingsvederlag fordi dei ville sende det på P2 dagen etter. Deltakarane fekk 4 500 kr i honorar for kvar konsert.

Seminar på Folkelarm 2017

Folkelarm 2018 inneheldt ei rekke seminar retta mot folkemusikkutøvarar. Fleire av desse var saman med folkemusikkarrangørane. I tillegg la vi til rette for møteplassar mellom utøvarar og delegatar på Folkelarm.

→ Liste over seminar på Folkelarm ligg ved denne årsmeldinga.

Kontakt via sosiale medium

FolkOrg driv forumet Yrkesutøvarar i FolkOrg for diskusjon og informasjon på Facebook. Vi driv òg eit tilsvarande forum for kulturskulelærarar innanfor folkemusikk og folkedans.

Fagutvalet for yrkesutøvarar

Fagutvalet for yrkesutøvarar hadde ingen fysiske møte i 2018, men hadde Skype-møte. Medlemmene var tilgjengelege for rådgjeving og diskusjonar med styret og administrasjonen både via Skype, telefon og e-post. Fagutvalet for yrkesutøvarar er Ole Nilssen, Britt Pernille Frøholm og Ingebjørg Lognvik Reinholdt.

Anna arbeid

Administrasjonen har delteke på seminar på mellom anna By:Larm og WOMEX for å halde seg oppdatert på tema som er relevante for utøvarane. Administrasjonen er representert ved Ingrid Stuhaug i juryen for tildeling av hardingfeler gjennom Dextra Musica. Vi har delteke på innspelsmøte med tema som er relevante for yrkesutøvarar, som til dømes kulturmeldinga og kunstnarmeldinga.

KAPPLEIKAR OG FESTIVALAR

Landskappleiken i Trysil 27. juni–1. juli

Landskappleiken vart i 2018 arrangert i Trysil frå 27. juni til 1. juli, med Trysil-Knut Dans- og Spelmannslag som lokal arrangør. Førre gong Landskappleiken var i Trysil, var i 1989, og laget var derfor glad for endeleg å stå som arrangør att.

Deltaking

Det var 453 startnummer fordelt på 1542 deltakingar på Landskappleiken i Trysil. Landskappleiken har hatt eit stabilt høgt deltakartal i mange år, med unntak av ein liten nedgang i 2017. Deltakinga i Trysil var på høgde med tidlegare år.

Vinnarar

Kongepokalen vart i 2018 sett opp i klassen for dans fele. Vinnarane vart Bjørn Sverre Hol Haugen og Veslemøy Nordset frå lokallaget Grenselaust.

→ *Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga.*

Fureprisen 2018

Elisabeth og Knut Fures stiftelse til fremjing av klassisk musikk og norsk tradisjonsmusikk har sidan 2010 delt ut prisar til unge folkemusikarar i Noreg. FolkOrg har fått forlengt ordninga til og med Landskappleiken 2019. Hovudprisen frå Furestiftelsen har i desse åra vore 50 000 kr, og desse pengane skal gå til den beste utøveren i spel/vokal-klassane under 25 år. Kandidatane til prisen vart plukka ut under kappleikstevlingane, og vinnaren vart kåra under ein finale som vart lagd til meisterkonserten søndag ettermiddag.

Denne prisen skal gjevast til ein eksepsjonelt dyktig og talentfull deltakar (musikar) under 25 år. Det er krav om eit visst kvalitetsnivå for at prisane kan delast ut, og det kan vere slik at domsnemnda ikkje finn å kunne dele ut prisen kvart år. Prisvinnaren skal vere vanleg deltakar på Landskappleiken.

Den då 22 år gamle bukkehornspelaren Bendik Smedåsgjelten Qvam vann Fureprisen for 2018.

Som tidlegare år kunne vinnarane av C-klassane/ juniorklassane i spel og vokal vinne 10 000 kr. FolkOrg sette opp same pris for vinnarane i C-klassane i dans.

→ *Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga.*

Gnistprisen 2018

På Landskappleiken 2018 vart Gnist-prisen delt ut for andre gong. Prisen er oppretta av firmaet EFH Holding v/Eva Fischer, og skal gå til eit lag som jobbar særst godt med å skape eit godt læringsmiljø for born og unge som dansar folkedans. Prisen på 15 000 kr gjekk til Gransherad Spel og dansarlag.

Kort evaluering av Landskappleiken

”Og itte får je sova, og itte vil je hell” var mottoet for Landskappleiken i Trysil. Sjeldan har det vore så mange overnattingsstilbod å velje mellom som det var på Landskappleiken 2018. Øyvind Kvile var leiar for Landskappleiken i Trysil 1989 og tok på seg oppgåva denne gongen også. Tevlingane vart gjennomførte på tre arenaer: i Trysilhallen, i kulturhuset Hagelund og på Radisson Blu Resort Trysil. Trysilhallen var hovudarenaen, med stemnekontoret og matteltet i nærleiken.

I tillegg til tevlingane var det eit rikt kulturprogram som starta med opningsframsyninga ”Å vera i livet”, som var eit bestillingsverk med tekstar av Haldis Moren Vesaas. Kappleiken vart opna av kulturminister Trine Skei Grande, og vidare ut i kappleiken var det sjokoladekappleik, dansekonsert, plateslepp, småmoro og vokalkonserten ”Min sang, seks stemmer – seks tradisjoner”. Laurdag kveld var det finalar i spel fele A, spel hardingfele A og dans

fele A. Søndag ettermiddag vart kappleiken avslutta med meisterkonsert der dei siste vinnarane vart kunngjorde, og Elisabeth Kværne vart utnemnd som ny heidersmedlem i FolkOrg.

Om lag 400 dugnadsfolk stilte opp, og fleire tusen dugnadstimar vart lagde ned for å gjennomføre arrangementet. Kappleiken hadde eit økonomisk overskot på 162 600 kr.

Landsfestivalen i gammaldansmusikk i Skjåk 1.–5.august

Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart arrangert i Skjåk 1.–5. august, med Skjåk Spel- og Dansarlag som lokal arrangør. Det var då ti år sidan førre gong festivalen vart arrangert i Skjåk, med Randi Rust som festivalsjef, og dette var ei oppgåve ho tok på seg denne gongen også.

Deltaking

Landsfestivalen i gammaldansmusikk i Skjåk hadde 186 startnummer fordelt på 979 deltakingar. Pardans senior hadde flest startnummer med 39 par, medan gruppespel var den nest største klassen med 34 startnummer. Den nye klassen Samspel sr. hadde 9 startnummer.

→ *Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga.*

Skjåkhallen var arena for tevlingane, finalane og dans på kvelden. I tillegg var det dans i matteltet og i eit nærliggande telt. Festivalen vart opna med ein konsert der lokale utøvarar frå Skjåk deltok, og etter konserten var det langbord i matteltet med lokal mat frå Skjåk. Den no avdøde felespelaren og stortingspolitikaren Ivar Odnnes stod for den offisielle opninga. Vidare under festivalen var det sjokoladekappleik for dei minste, barnekonsert og ulike CD-slepp. Mange frå lokalmiljøet stilte velvillig opp for å hjelpe til med arrangementet som

dugnadsfolk, men også ved å leige ut heimane sine til dei besøkande.

Kort evaluering av Landsfestivalen

Festivalen vart arrangert i "kjerneområdet" for gammaldansmusikken, og det var jamt over god deltaking i dei ulike klassane. Ekstra gledeleg var det at det var nok deltakarar i fele/hardingfele jr. og durspel jr. til at det vart finalespel i desse klassane. Dei siste åra har det vore vanskeleg å få fylt opp dansespelelistene på festivalen, medan det i Skjåk var fleire som ville spele til dans enn det var ledige plassar. Arrangøren hadde som mål å få til ein festival med mykje buskspel og uformell stemning, og fekk mykje positive tilbakemeldingar for eit eige buskspel-område med sofaer og bord. Dei fekk også gode tilbakemeldingar for god tevlingsavvikling og ein triveleg festival.

Festivalen fekk eit godt økonomisk resultat med 758 000 kr i overskot.



Revidering av tevlingsreglement

Vinteren 2018 gjorde styret ein del endringar i tevlingsreglementet på bakgrunn av innspel styret hadde motteke. Dei gjorde desse endringane:

Landsfestivalen i gammaldansmusikk

- Ein kan delta fleire gonger med same instrument i alle samspelklassane.
- Det skal vere fast seks finalistar i lagspel fele/hardingfele og gruppespel.
- I dei andre klassane blir talet på finalistar bestemt ut frå talet på startnummer, slik som tidlegare.
- Alle finalistane i pardans blir rangerte, medan dei resterande deltakarane blir sette opp i alfabetisk rekkefølge.
- Ein kan delta i lagdans fleire gonger.
- Open klasse blir teken vekk frå Landsfestivalen i gammaldansmusikk.
- Det blir oppretta ein ny klasse for duoar og trioar: samspel sr. Finalereglane som gjeld for alle klassane, utanom gruppespel og lagspel fele/hardingfele, gjeld også for samspel sr.
- I gruppespel skal det vere minimum fire deltakarar per startnummer. Det er ingen endringar i vedtektene elles med tanke på instrumentsamansetning.

Landskappleiken

- Det skal årleg vere finale i spel hardingfele kl. A og spel fele kl. A. Dei åra kongepokalen er sett opp i ein av desse klassane, skal det vere finale i ein av dei andre A-klassane/seniorklassane.
- Open klasse skal rangerast fullt ut.
- Ein kan delta fleire gonger med same instrument i lagspel og gruppespel.
- Det skal definerast eit tydelegare skilje mellom lagspel på Landskappleiken og Landsfestivalen. På Landskappleiken er det dei eldste formene som skal nyttast. Dette vil bli konkretisert med ein merknad på dommarskjemaet, og som ei føring gjeven til dommarane.
- Ein kan delta fleire gonger i lagdans.

Meisterkonserten i Operaen

Søndag 11. november vart Meisterkonserten i Operaen gjennomført for tredje gong. Konserten var som i 2016 ein del av ei større folkemusikkhelg i Oslo, med Folkelarm og Oslokappleiken på Riksscenen. 21 klassevinnarar og om lag 100 personar stod på scena, og konserten vart leia av programleiarane Aslak O. Brimi og Solbjørg Tveiten. I tillegg til klassevinnarane vart "årets folkemusikar" utnemnd.

Stortingspresident Tone Wilhelmsen Trøen var med på å dele ut den gjæve prisen, som gjekk til Anne Hytta. Kveldsnytt på NRK gjorde opptak av delar av konserten, og utnemninga av årets folkemusikar vart også offentleggjort der. Konserten var tilnærma utseld, og det kom mykje positive tilbakemeldingar frå utøvarane og publikum. Styret har bestemt at det blir ny Meisterkonsert i Operaen att i 2020.

Folkelarm

Riksscenen, Oslo | 8.–11. november

Folkelarm er Nordens største bransjetreff for folkemusikk og folkedans. Arrangementet er bygd kring showcasekonsertar på kveldane og seminar på dagtid. I tillegg til showcasekonsertar hadde vi ei akustisk scene i lavvoen, NRK Folk:LAB, Balladepodden og CD/DVD/boklansering.

Vi samarbeidde også i 2018 med Laget for Folkemusikk om å halde Oslokappleik samstundes med Folkelarm, noko som synest å vere positivt for båe partar. Det var god oppslutning kring Oslokappleiken både når det gjeld talet på deltakarar og publikum.

NRK gjorde liveopptak med publikum frå Folkelarm. Dei har hatt konseptet Folk:LAB i fleire år no, der dei vel ut artistar frå Folkelarm-programmet til minikonsertar og intervju. Programma har vore sende på P2 i etterkant.

Noreg skal vere gjesteland under bokmessa i Frankfurt i 2019, og regjeringa ønskjer at fleire kunstatar interesserer seg for Tyskland i samband med det. Det passar godt med det mangeårige søkjelyset vi har hatt på den tyske marknaden, og tyske delegatar fekk difor særskild prioritet då vi skulle invitere internasjonale delegatar til Folkelarm i 2018. Vi fekk tilskot frå Music Norway, som har teke over denne ordninga frå UD. Saman kunne vi invitere og dekke kostnadene for 11 internasjonale delegatar.

I tillegg kom det fleire på eige initiativ og etter invitasjonar frå oss. Ut over tyske delegatar hadde vi besøk av delegatar frå Sverige, USA, Danmark, Nederland, Finland, England og Noreg.

Besøkstalet i 2018 er noko av det beste vi har hatt på Folkelarm, det var kanskje det beste nokosinne. Folkelarm har vorte eit stabilt og godt arrangement. Dei tre siste åra har vi lagt litt meir vekt på dansefest i tillegg til det tradisjonelle Folkelarm-programmet med konsertar og seminar. Det at vi ønskjer å knyte saman heile folkemusikkmiljøet, og gje alle kjensla av å vere velkomne på Folkelarm, er eit suksesskriterium for framtida, meiner vi.

→ *Liste over Folkelarm-artistar og seminarprogrammet ligg ved denne årsmeldinga.*

Folkelarmprisen

For 14. gong vart Folkelarm-prisen delt ut, også i år på Riksscenen. Folkelarm-prisen var eigen post på programmet med høgtidelege talar og musikkinnslag. Prisane vart delte ut i kategoriane dokumentasjon, solo, tradisjonelt samspel og open klasse, i tillegg til prisen for årets folkemusikar. Prisen for årets folkemusikar gjekk til Anne Hytta. Den vart utdelt under Meisterkonserten i Operaen.

→ *Liste over vinnarar er lagd ved denne årsmeldinga.*





INFORMASJON

Generelt om informasjonsarbeidet

Alle som arbeider i FolkOrg, arbeider også med informasjon på ein eller annan måte.

Det er i hovudsak ein person som har informasjon som særskilt arbeidsområde. Ho arbeider med utviklinga av organisasjonsarbeidet generelt og har særleg søkjelys på dei arrangementa vi har. Vidare arbeider ho kontinuerleg med nettsidene våre og oppdateringar i sosiale medium.

Sentralt i meldingsåret var informasjons- og pressearbeid knytt til Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm. I alle prosjekta har den tilsette stått for oppdatering og utvikling av heimesider, fotografering, oppdatering av appar, grafisk formgjeving, utvikling og utsending av nyhendebrev og anna presse- og informasjonsarbeid. I tillegg har vi leigd inn noko ekstrahjelp i samband med arrangementa våre når det gjeld fotografering og noko grafisk arbeid.

Folkorg.no

I 2018 hadde folkorg.no 82 998 sidevisingar i 40 700 økter. Det var 20 752 unike brukarar.

Folk finn fram til Folkorg.no på ulike måtar. Om

lag 20 % kjem til folkorg.no via lenkjer på andre nettstader, i hovudsak via landskappleiken.no og folkemusikk.no. FolkOrg bruker Facebook-sida si aktivt, og om lag 20 % av alle besøk til folkorg.no kjem via Facebook. 35 % av brukarane kjem til folkorg.no via søkjemotorar, og om lag 30 % av brukarane går direkte inn på folkorg.no. Dei resterande treffa til folkorg.no kjem frå andre, mindre kanalar.

Sosiale medium

Vi har FolkOrg-brukarar på sosiale medium og har no sider på Facebook (2902 følgjarar), Twitter (435 følgjarar) og Instagram (1095 følgjarar).

Tilsvarende kontoar har vi for Folkemusikk, Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk, Folkelarm og Slåttify. Når det gjeld kontoane for Landskappleiken og Landsfestivalen, samarbeider vi med lokal arrangør om å oppdatere dei. Vi har òg oppretta ein konto på SnapChat som heiter "Folkemusikk Norge". Målet med denne kontoen er at han skal gå på omgang rundt omkring i landet slik at vi kan syne fram mykje av alt det fine som skjer innanfor folkemusikken og folkedansen i Noreg.

Folkemusikk (bladet)

Det er FolkOrg – Organisasjon for folkemusikk og folkedans – som eig og gjev ut magasinet Folkemusikk. Bladet er frittstående og arbeider etter Ver Varsam-plakaten og Redaktørplakaten.

Redaksjonell profil

Folkemusikk er i dag det einaste nasjonale fagbladet i Noreg for folkemusikk og folkedans. Magasinet er ein viktig premissgjevar for formidlinga av folkemusikk og folkedans – innanfor folkemusikkmiljøet og overfor andre miljø. Det blir lese av musikk- og kulturinteresserte over heile landet og har ein sterk posisjon i dei kulturpolitiske og musikkfaglege miljøa i landet, ikkje minst i institusjonane som gjev musikkutdanning.

Audun Stokke Hole har vore redaktør sidan 1. oktober 2014. Han har kontor i Schouskvartalet i Oslo, der FolkOrg og Riksscenen òg held til. Tekstar i bladet er på begge målformer, med kring tre firedelar av tekstane på nynorsk. Tekstane blir språkvaska av Aud Søyland, medredaktør for Nynorsk ordliste.

Redaksjonsråd og satsingar

Redaktøren har eit redaksjonsråd som kjem med innspel til magasinet. 2018 var det første heile året med eit slikt råd i Folkemusikk på mange år. Ved

inngangen til 2019 består redaksjonsrådet av Audun Grüner-Hegge, Ragnhild Knudsen og Jostein Aardal (ny i rådet). Kjellbjørn Karsrud og John Ole Morken sat i rådet 2017–2018.

Redaktøren har satsa på å auke både breidda og djupna i folkemusikk- og folkedanskritikken, og kritikken har særleg i haustnummera 2018 teke stor plass. Folkemusikk har i samarbeid med Norsk Tidsskriftforening fått midlar frå Fritt Ord til satsinga, og magasinet har i tillegg fått kritikkmidlar frå Norsk kulturråd.

Abonnentar

Folkemusikk er å få kjøpt på utvalde Narvesen-utsal, men er i hovudsak eit abonnementsblad. Per 31. desember 2018 hadde bladet Folkemusikk 1684 abonnentar, ein nedgang på 94 frå førre årsskifte. Av abonnentane var 756 registrerte som gratisabonnentar, men av desse går ca. 400 til bibliotek som del av Norsk kulturråds innkjøpsordning for kulturtidsskrift. 629 abonnentar var medlemmer i FolkOrg.

Økonomi

Folkemusikk blir gjeve ut med økonomisk stønad frå eigaren. I tillegg fekk magasinet i 2018 produksjons- og distribusjonsstønad og nynorsk honorarstønad frå Norsk kulturråd gjennom innkjøpsordninga for kulturtidsskrift, og stønad til kunst- og kulturkritikk frå Norsk kulturråd og stiftinga Fritt Ord. Inntekter frå abonnementssal og annonsar er dei to andre økonomiske beina magasinet står på.

Annonsering

Informasjonsrådgjevaren i FolkOrg har i 2018 selt dei fleste annonsane til bladet og nettsida. Frå 2019 er det Polinor fagpresse som sel annonsar for Folkemusikk. Annonseåret har sidan 2011 lege nokså stabilt kring kr 250 000, og var i 2018 280 000,

ein auke på 10 % frå året før.

Folkemusikk.no

I 2018 hadde folkemusikk.no 53 500 sidevisingar i 35 500 økter, ein nedgang på ca. 20 % sidan året før. Talet på unike brukarar er 22 500, ned 13 %.

Nær halvparten av brukarane kom til folkemusikk.no frå søkemotorar, nær 30 % gjekk direkte til folkemusikk.no, 7,5 % kom frå ei lenke til folkemusikk.no frå ei anna nettside, og ein seksdel kom frå lenker i sosiale medium.

Av dei besøkande på folkemusikk.no heldt tre firedelar til i Noreg, 7 % i USA og snautt 3 % i Sverige, dei tre landa som besøker nettstaden oftast.

Dei ti mest besøkte artiklane på folkemusikk.no i 2018:

1. Minneord: Leif Rygg
2. Ytring: «Folkedans i skolen»
3. Minneord: Finn Vabø
4. Sketches of green: Irish folk music
5. Meldt: Aslak Brimi Kvartett
6. Gudbrandsdalskappleiken 2018
7. Heime hos Larsens i Verdal
8. Varm hyllest til Knut Kjøk
9. Om å skrive sangtekster på hedmarksdialekt
10. Meldt: Odde/Nilsen-konsert på Løten

Sosiale medium

Ved utgangen av 2018 hadde Facebook-sida til folkemusikk.no drygt 6000 likes, ein auke på om lag hundre frå året før. Facebook er det viktigaste sosiale mediet til Folkemusikk og blir oppdatert to–tre gonger i veka. I tillegg har Folkemusikk ein Instagram-konto, som blir oppdatert meir sporadisk.

VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

LANDSKAPPLEIKEN 2018

Vinnarar

Vokal

- A: Margrete Nordmoen, Trysil-Knut Dans- og Spelmannslag
 B: Annar By, FolkOrg
 C: Tea Forr Austnes, Spira studentspelemannslag og FolkOrg
 D: Ola Fjeldet, Gausdal Spelmannslag

Spel hardingfele

- A: Per Anders Buen Garnås, Spelemannslaget Bøheringen
 B: Jon Hjellum Brodal, Bærum Spellemannslag
 C: Sindre Tronrud, Vårflaumen Spel- og dansarlag
 D: Arne M. Sølberg, Spelemannslaget Fjelljom

Spel fele:

- A: Aslak O. Brimi, Lom Spel- og dansarlag
 B: Johanna-Adele Jüssi, Sinnsykt Bra Alternativ
 C: Marius Westling, Østerdølenes Spelmannslag
 D: Stein Bjørnsmoen, Spelmannslaget Leik

Durspel

- Junior: Siri Nordgård, Voss Spelemannslag
 Senior: Kristoffer Kleiveland, Osterøy Spel- og dansarlag

Dans hardingfele

- A: Hege S. Johnrud og Sigbjørn Rua, Småjondølenes dansarlag
 B: Asgeir Blaavarp Heimdal og Sigrun Blaavarp Heimdal, Numedal Spel- og dansarlag
 C: Erland Voldhaug Andersen og Ingrid Svernæs, Øystre Slidre Spel- og dansarlag og Vårflaumen Spel- og dansarlag
 D: Geir Reigstad og Jartru Reigstad, Osterøy Spel- og dansarlag

Dans fele

- A: Bjørn Sverre Hol Haugen og Veslemøy Nordset, Grenselaust
 B: Elin Romenstad og Per Kristian Taug, Bygdedanslaget i Hamar
 C: Dorte Nilssen og Marius Westling, #Hedmark
 D: Gunhild Døhl m/følgje, Røros Folkedanslag
 D: Rolf Bjørgan og Anne Grete Nyseter Bjørgan, Sel og Otta Spel- og dansarlag

Open klasse

Særsvip

Andre eldre folkemusikkinstrument

Senior: Stein Villa, Gjøvik Spelmannslag

Fløyte

Senior: Britt Elin Myrene, Tinn Spelemannslag

Munnharpe

- Junior: Eivind Tanche-Larsen Knutsen, Setesdal Spelemannslag
 Senior: Thov G. Wetterhus, Numedal Spel- og dansarlag

Langeleik

- Junior: Ingebjørg Hegge Bratrud, Vårflaumen Spel- og dansarlag
 Senior: Ingvild Lie, Øystre Slidre Spel- og dansarlag

Halling

- A: Ådne Reinhold Geicke Kolbjørnshus, Vestre Slidre Folkemusikk og Danselag
 B: Jon Bugge Mariussen, Nesodden Danselag og FolkOrg
 C: Nikolaj Bo Fischer Nielsen, Nesodden Danselag og FolkOrg
 D: Rolf Bjørgan, Sel og Otta Spel- og dansarlag

Lagspel

- Junior: Hedmark Juniorspellmannslag
 Senior: Spelemannslaget til fremjing av møsegrodde låttar

Lagdans

- Junior: BULder og Brak
 Senior: Papalooks

Gruppespel

- Junior: WestLia
 Senior: Tufskrøkjun

Open klasse

Jo Einar Jansen

Andre eldre folkemusikkinstrument

Senior: Bendik Smedåsgjelten Qvam

Lagspel

- Junior: Hedmark Juniorspellmannslag
 Senior: Lom Spelmannslag

Lagdans

- Junior: FolkemusikkUng i Valdres
 Senior: Ål spel- og dansarlag

Gruppespel

- Junior: WestLia
 Senior: Tufskrøkjun

VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

Dommarar på Landskappleiken 2018

Spel hardingfele:

Niels Røine, Åse Teigland og Anne Hytta

Spel fele:

Harald Bræin, Torunn Raftevoid Rue og Magne Eggen Haugom

Vokal:

Eli Storbekken, Åshild Vetrhus og Halvor Håkanes

Eldre folkemusikkinstrument:

Johanna Fuglesteg, Eilif Gundersen og Birger Mistereggen

Durspel:

Per Midtstigen, Rune Martinsen og Hilde Fjerdingsøy

Dans fele:

Tor Stallvik, Live Karin Liaskar og Dagfinn Krogsrud

Lagdans:

Sverre Heimdal, Tor Stallvik og Live Karin Liaskar

Dans hardingfele:

Sverre Heimdal, Magne Kleiveland og Anne Røine

Halling:

Magne Kleiveland, Anita Vika Langødegård og Dagfinn Krogsrud

Grupperspel:

Niels Røine, Torunn Raftevoid Rue og Anne Hytta

Lagspel:

Magne Eggen Haugom, Harald Bræin og Åse Teigland

Open klasse:

Eilif Gundersen, Eli Storbekken og Hilde Fjerdingsøy

Super-D:

Tor Stallvik, Torunn Raftevoid Rue og Åshild Vetrhus

Instrumentutstilling (fele):

Ole Ferdinan Storn og Marit L. Westling

Instrument (hardingfele):

Kjell Christian Midtgård og Sigvald Rørlien

Hovuddommar for Fureprisen:

Frank Rolland

Furestiftelsen

Fureprisen:

Bendik Smedåsgjelten Qvam, FolkOrg

Furestipend

Spel hardingfele C: Sindre Tronrud, Vårflaumen Spel- og dansarlag

Spel fele C: Marius Westling, Østerdølenes Spellmannslag

Durspel sr.: Siri Nordgård, Voss Spelemannslag

Eldre folkemusikkinstrument jr.: Ingebjørg Hegge Bratrud, Vårflaumen Spel- og dansarlag (langeleik jr.)

FolkOrg-stipend

Dans fele C: Dorte Nilssen og Marius Westling, #Hedmark

Halling C: Nikolaj Bo Fischer Nielsen, Nesodden Danselag

Vinnar av Gnistprisen

Gransherad Spel og dansarlag

LANDSFESTIVALEN I GAMMALDANSMUSIKK 2018

Vinnarar

Solo andre instrument

Junior: Even Offerdal Bakken, Lom Spel- og dansarlag
Senior: Mads Erik Odde, Lom Spel- og dansarlag

Solo durspel

Junior: Even Offerdal Bakken, Lom Spel- og dansarlag
Senior: Øyvind Sandum, Vågå Spel- og dansarlag

Solo fele/hardingfele

Junior: Marius Westling, Hedmark
Juniorspellmannslag
Senior: Bjørn Kåre Bråten Odde, Lom Spel- og dansarlag

Gruppespel

Lendmenn

Samspel

Junior: Stian og Even
Senior: Marie Skavnes og Øyvind Selnes

Pardans senior

Kari og Stig Nilssen

Lagdans

Lystringen

Lagspel fele/hardingfele

Sør-Fron Spelemannslag

Lagspel durspel/trekkspele

Kongsberg Trekkspillklubb

Dommarar på Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Solo andre instrument:

Marie Skavnes, Tore Løvgreen og Knut Ivar Bøe

Solo durspel:

Pål Bratås, Ingunn Stræte og Andreas Kollvangsnes

Solo fele/hardingfele:

Jan Kåre Bjørkås, Arne Anderdal og Astrid Sulheim

Lagspel fele/hardingfele:

Marie Skavnes, Arne Anderdal, Kjell Grothe og Arne Moslåtten

Lagspel durspel/trekkspele:

Ingunn Stræte, Pål Bratås, Knut Ivar Bøe og Arne Moslåtten

Gruppespel:

Jan Kåre Bjørkås, Tore Løvgreen, Andreas Kollvangsnes og Arne Moslåtten

Samspel:

Kjell Grothe, Arne Anderdal og Astrid Sulheim

Pardans og lagdans:

Renate Nysted Tønnessen, Kirsten Friis og Arne Ivar Blankenborg

Furestipend på Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2018

Marius Westling, solo fele/hardingfele

MEISTERKONSERTEN I OPERAEN

Vinnarar frå Landskappleiken

Fureprisvinnaren 2017:

Hans Kjørstad

Dans hardingfele A 2017:

Ingebjørg Bratheim Bø og Ola Narverud

Dans fele A:

Bjørn Sverre Hol Haugen og Veslemøy Nordset

Spel fele A:

Aslak O. Brimi

Spel hardingfele A:

Per Anders Buen Garnås

Vokal A:

Margrete Nordmoen

Munnharpe sr.:

Thov Wetterhus

Dans fele C:

Marius Westling og Dorte Nilssen

Lagspel sr.:

Spelemannslaget til fremjing av møsegrodde låttar

Lagdans jr.:

BULder og Brak

Dans hardingfele D:

Geir Reigstad og Jartru Reigstad

Fureprisvinnaren 2018:

Bendik Smedåsgjelten Qvam

Open klasse:

Jo Einar Jansen

Dans hardingfele A:

Hege S. Johnrud og Sigbjørn Rua

Halling A:

Ådne Reinhold Geicke Kolbjørnshus

Halling C:

Nikolaj Bo Fischer Nielsen

Vinnarar frå Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Lagspel fele/hardingfele:

Sør-Fron Spelemannslag

Gruppespel:

Lendmenn

Durspel sr.: Øyvind Sandum

Samspel sr.: Marie Skavenes og Øyvind Selnes

Samspel jr.: Stian og Even

FOLKELARM 2018

Folkelarmprisen 2018

Vinnar - SOLO

Thomas Nilssen og Ole Nilssen for plata "Løten 2018"

Vinnar - TRADISJONELT SAMSPILL

Sudan Dudan for plata "Heimen der ute"

Vinnar - DOKUMENTASJON

"Alfred Maurstad-innspelningar frå 1927 til 1962"

Vinnar - OPEN KLASSE

Mattis Kleppen for plata "Bassgitar"

Årets folkemusikar: Anne Hytta

Årets folkemusikkarrangør: Trad. session

Juryen for Folkelarmprisen 2018 var:

Per Anders Buen Garnås, Rikke van Ommeren, Kirsten Bråten Berg, Åsmund Reistad og Pål Bratås.

Folkelarmartistar 2018

Britt Pernille Frøholm (NO), Torkjel Bruland Lavoll (NO), Sarah-Jane Summers (NO), Johanne Flottorp (NO), Fivil (NO), Almir og Daniel (NO), Sandum Trio (NO), Resjemheia (NO), Stampestuen (NO), Gro Kjelleberg Solli (NO), Morgonrode (NO), Karl Seglem (NO), Bytting (NO), Frøken (NO), Päivi Hirvonen (FI), Maija Kauhanen (FI), Okra Playground (FI), Solju (FI), GKN5 (NO/SE), Skenet (SE), Ahlberg Ek & Roswall (SE), Symbio (SE), Lena Jonsson Trio (SE), Lendmenn (NO), Bendik Smedåsgjelten Qvam (NO), Kaunan (SE), Elmøe & Hoffmann (DK), Farandi (SE/DK), Vassvik (NO) og Fru Skagerrak (NO/SE/DK)

Juryen for showcase 2018

Unni Løvlid, Mari Skeie Ljones og Inge Gjevve.

Seminarprogrammet på Folkelarm 2018

Seminar om rekruttering

FolkOrg og Dextra Musica gav i 2018 stønad til heile ti rekrutteringsprosjekt i Noreg. Her vart Dextra-prosjekta presentert, i tillegg var det erfaringsdeling og diskusjon.

Tonosystemet og folkemusikken

Alle offentlege konsertar skal rapporterast til Tono. Mange folkemusikarar spelar tradisjonelle slåttar og får ikkje noko igjen når dei rapporterer inn låtane. Vederlaget stoppar hos Tono og vert ikkje fordelt ut igjen. Korleis kan vi betre dette systemet?

RFF: Debatt om kulturskulane

Lærarar i folkemusikk og folkedans i kulturskulane er gjerne sterke tradisjonsutøvarar utan formell kompetanse. Dette gjer lærarane sårbare, og mange vert lønte som ufaglærte. Kor utbreidd er det at ein landskappleikvinnar vert lønt som ufaglært?

Sosiale medium for vidarekomne

I to økter lærte deltakarane korleis dei kan vere effektive og realistiske med tanke på kva dei kan få til på sosiale medium, korleis dei kan konsentrere seg om dei riktige tinga, og planleggje arbeidet utan å bruke timevis på Facebook.

Kyrkja som konsertarena

Korleis går ein fram for å arrangere eigen konsert i kyrkja? Kva for høve og avgrensingar har kyrkjerommet? Kva kan ein framføre i ei kyrkje?

Seminar om dansearrangement

Korleis skal vi greie å få folk i alle aldrar til å gå «mann av huse» for å gå på dansetilstellingar att?

Merkevarebygging og planlegging

På denne kreative workshopen fekk deltakarane jobba med si eiga historieforteljing, visuelle profil og pitch. Vidare fekk dei rettleiing i korleis dette kan brukast i pressevinklingar, og korleis dei kan planleggje på ein god måte.

VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

Malawi Music

Dette er historia om korleis opptak på gamle spoleband vart redda frå å gå i oppløysing. Ambisjonen var å re-injisere denne musikktradisjonen inn i dagens musikkmiljø og la unge musikarar få auga opp for kva for ein rikdom av tradisjonar som no er tilgjengeleg gjennom arkivopptaka.

Korleis turnere med nye DKS?

Det er stor variasjon i korleis DKS vert organisert både regionalt og lokalt. Slik lukkast du som frilansmusikar i Den kulturelle skulesekken (DKS)-systemet, kva skjer med – og etter regionreforma?

Fokus USA

Stephen Manuzak frå Arts Midwest tok for seg den amerikanske musikkmarknaden. Han fortalde òg om Arts Midwest, som er ein amerikansk versjon av Rikskonsertane, kva dei jobbar med, og kva for sjansar som ligg her for nordiske musikarar.

Fokus UK

Craig Corse frå Orkney Folk Festival og Twenty two promotions fortalde om den britiske musikkmarknaden.

Fokus Tyskland

Frank Reglin frå ProFolk (Tysklands FolkOrg) og Christian Pliefke frå Nordic Notes og Beste Unterhaltung fortalde om den tyske musikkmarknaden.

Fokus Nederland

Geert Oude Weernink frå Folk Groningen og Noorderzon fortalde om den nederlandske musikkmarknaden.

Fokus Norden

Sirpa Lahti frå Maetka fortalde om den finske og nordiske musikkmarknaden.

Fokus: internasjonalt samarbeid

På dette seminaret snakka Fru Skagerrak om korleis dei arbeider saman. Kva er utfordringane, kva er det morosamste, og korleis motiverer ein seg når budsjettet er lite og ein har dårleg tid? Dei gjekk inn på korleis dei har jobba aktivt med å søkje seg ut i verda for å spele skandinavisk folkemusikk for eit internasjonalt publikum.

Nettverksmøte for folkemusikkarrangørar

Dette møtet var for medlemmane i nettverket for folkemusikkarrangørar i Noreg.

Det var mellom 10 og 60 på kvart seminar.

VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

MOMSKOMPENSASJON 2018

SENTRALLEDD		Sel og Otta Spel og dansarlag	kr	9 505	
FolkOrg	kr	460 520	Verdal Juniorspellmannslag	kr	33 332
AKSJESELSKAP		Spelemannslaget Vårlengt	kr	4 867	
Valdres folkemusikkarrangement AS	kr	196 722	Bygdedanslaget i Bjørgvin	kr	2 236
OMRÅDELAG		Trysil-Knut Dans og Spelmannslag	kr	6 828	
Buskerud folkemusikklag	kr	13 899	Gjøvik spelmannslag	kr	4 167
SAFFA	kr	14 744	Nordbygda spel- og dansarlag	kr	29 343
Valdres folkemusikklag	kr	8 697	Øystre Slidre spel- og dansarlag	kr	5 162
Telemark folkemusikklag	kr	8 454	Søndre Trondhjems Spellmannslag	kr	1 153
Sogn og Fjordane folkemusikklag	kr	32 968	Spelemannslaget Fjelljom	kr	7 717
Hedmark folkemusikklag	kr	5 667	Jostedal Spel og Dansarlag	kr	1 415
Møre og Romsdal folkemusikklag	kr	9 133	Byneset spellmannslag	kr	4 708
Hordaland folkemusikklag	kr	9 675	Nes Spel- og dansarlag	kr	2 063
LOKALLAG		Tingelstadringsen	kr	3 000	
Ål spel- og dansarlag	kr	6 177	Gaular Spelemannslag	kr	2 913
#Hedmark	kr	3 008	Fjellrosa spel og dansarlag	kr	1 208
Vågå spel- og dansarlag	kr	37 439	Spelemannslaget Dâm og Drag	kr	3 331
Spelemannslaget De Frilynde	kr	1 567	Gol spel- og dansarlag	kr	804
Naustedalen spelemannslag	kr	5 076	Eiker Spellemannslag	kr	2 103
Setesdal spelemannslag	kr	31 349	Lom Spel- og Dansarlag	kr	11 392
Furuleiken Spell- og danselag	kr	3 779	Oppdal Spell og Dansarlag	kr	8 003
Bygdedanslaget i Hamar	kr	2 696	Alvdal Spell- og danselag	kr	1 316
Rauma Spelmannslag	kr	2 675	Valdreskvelven spel og dansarlag	kr	279
Østerdølenes Spellmannslag	kr	9 042	Kvemmingen spel og dansarlag	kr	1 356
Nes Nasjonale Dansarring	kr	2 298	Kristiansand Spel- og Dansarlag	kr	2 874
Småjondølenes Danserlag	kr	4 802	Skjåk spel- og dansarlag	kr	4 800
Romsdal Spelemannslag	kr	4 755	Osterøy spel- og dansarlag	kr	624
Glåmos Spellmannslag	kr	6 057	Kongsberg Spel- og Dansarlag	kr	11 250
Austrheim Musikklag	kr	9 104	Unge Folkemusikere i Oslo	kr	5 547
Målselv Spelmannslag	kr	1 701	Valldal Spelemannslag	kr	1 734
Bærum Spellemannslag	kr	4 754	Til saman	kr	1 071 788

FRIFOND ORGANISASJON 2018

Namn	Fordeling 2018		
	Driftsmidler	Prosjektmidler	Totalt
#Hedmark	kr. 6 705,00	kr. 10 000,00	kr. 16 705,00
Breim Spelemannslag	kr. 2 980,00	kr. 10 000,00	kr. 12 980,00
Byneset Spellmannslag	kr. 7 450,00	-	kr. 7 450,00
Bærum Spellemannslag	kr. 17 135,00	kr. 10 000,00	kr. 27 135,00
Gaular Spelemannslag	kr. 2 235,00	kr. 10 000,00	kr. 12 235,00
Gjøvik spelmannslag	kr. 3 725,00	kr. 10 000,00	kr. 13 725,00
Glåmos Spellmannslag	kr. 14 155	-	kr. 14 155
Gransherad Spel- og dansarlag	kr. 10 430,00	kr. 10 000,00	kr. 20 430,00
Hardanger Spelemannslag	kr. 24 585,00	kr. 8 000,00	kr. 32 585,00
Hornindal spelemannslag	kr. 5 960,00	kr. 5 300,00	kr. 11 260,00
Kongsberg Spel- og Dansarlag	kr. 24 585,00	kr. 10 000,00	kr. 34 585,00
Lom Spel- og dansarlag	kr. 23 840,00	kr. 7 000,00	kr. 30 840,00
Mukampen spel- og dansarlag	kr. 20 115,00	kr. 7 000,00	kr. 27 115,00
Nes Nasjonale Dansarring	kr. 10 430,00	-	kr. 10 430,00
Småjondølenes dansarlag	kr. 23 840,00	kr. 8 000,00	kr. 31 840,00
Spelemannslaget Fjelljom	kr. 20 860,00	kr. 15 000,00	kr. 35 860,00
Tingelstadringsen	kr. 5 960,00	-	kr. 5 960,00
Trysil-Knut Dans og spelmannslag	kr. 2 235,00	kr. 10 000,00	kr. 12 235,00
Unge folkemusikere i Oslo	kr. 12 665,00	kr. 13 000,00	kr. 25 665,00
Verdal juniorspellmannslag	kr. 19 370,00	kr. 13 000,00	kr. 32 370,00
Vågå spel- og dansarlag	kr. 32 780	kr. 7 000	kr. 39 780
Vårflaumen spel- og dansarlag	kr. 16 390	kr. 4 000	kr. 20 390
Øystre Slidre spel- og dansarlag	Kr. 23 095	-	kr. 23 095
Ål spel- og dansarlag	kr. 11 175	kr. 4 000	kr. 15 175
Totalt	kr. 342 700	kr. 171 300	kr. 514 000

FOLKORG-PRISAR 2018

Årets lokallag 2018:
Hardanger Spelemannslag

Årets folkemusikkarrangør 2018:
Trad Sessions

FOLKORG SI REKRUTTERINGSTØTTEORDNING

Prosjekta som fekk støtte i 2018, var desse:

#Hedmark – kr 5 000

Breim spelemannslag – kr 5 000

Falkeriset folkemusikklag – kr 5 000

Folkemusikkarkivet i Rogaland – kr 5 000

Gjøvik spelmannslag – kr 10 000

Gransherad spel- og dansarlag – kr 5 000

Heme dine – kr 10 000

Hurum spelemannslag – kr 5 000

Jeremias folkemusikkforening, Austrheim

Musikklag, Gloppen Hardingfelelag, Hyen

Spelemannslag – kr 10 000

Jostedal spel- og dansarlag – kr 5 000

Lom spel- og dansarlag – kr 5 000

Mukampen spel- og dansarlag – kr 5 000

Røros folkedanslag – kr 5 000

Seljord folkemusikklag – kr 5 000

Setesdal spelemannslag – kr 5 000

Sogn og Fjordane folkemusikklag – kr 10 000

Spelemannslaget Vårlengt – kr 5 000

Spelmannslaget i BUL Nidaros – kr 5 000

Strunkeveko – kr 10 000

Telemark folkemusikklag – kr 10 000

Unge folkemusikere i Oslo – kr 10 000

Vågå spel- og dansarlag – kr 5 000

Øystre Slidre spel- og dansarlag – kr 5 000

FOLKEMUSIKK

Folkemusikk 2018 var den 77. årgangen til magasinet. Det vart gjeve ut fire nummer av magasinet, i snitt på 102 sider (to på 100 og to på 104 sider).

Innhald i magasinet Folkemusikk 2018

Portrett og intervju:

1/18: Bjarne Bratås, Marianne Tomasgård, Mads Erik Odde, Jutullaget, Summers & Silvola, Ingebjørg Lognvik Reinholdt og Gard Nergaard & Michael Krumins

2/18: Guro Kvifte Nesheim, Simen Roheim Iversen og Catriona Macdonald

3/18: Silje Onstad Hålien, Stampestuen, Hilde Bjørkum, Canzoniere Grecanico Salentino og Los Cojolites

4/18: Per Anders Buen Garnås og Elle Márjá Eira

Reportasjar:

1/18: Vågåtreffen, Womex i Katowice, Music Without Borders, festival i Samarkand
2/18: Trysil, Eric Sahlström-instituttet, felemakeri i Vågå, Klangen før fela, folkemusikk og -dans i Rogaland og irsk folkemusikk

3/18: Landsfestivalen, Landskappleiken, Romsdalsmuseets leikarring, Luråsstemnet, Magnar Storbækken og Karl Seglem

4/18: Trad session, Osafestivalen og stordans i Bergen

Spelemannsbiografiar og minneord:

1/18: Sigurd Frogner

2/18: Leif Rygg og Anders Haugen

3/18: Harald Langåker og Liv H. Blydenstein del 1

4/18: Brøtaguten og Liv H. Blydenstein del 2

Fagtekstar, fagintervju og essay:

1/18: rekruttering, SAFFA, Mads Erik Odde og Dagfinn Nupen

2/18: Norsk hardingfelefond, Runnom og bjønndans, Danmarks rigsspillemand, Norsk folkemusikklag og folkemusikkutdanningane

3/18: Gammaldansens Hall of Fame, feleutstillinga og kongepokaldansen på Landskappleiken, Elisabeth Kværne og hardingfela i Japan

VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

4/18: Legendariske hardingfeler, Flaktveit Moxnes' minnepris, mikrotonal kunstmusikk og kulturpolitikk
Ragnhild Knudsen var spaltist i kvar utgåve i 2018. Redaktøren har skrivne kommentarar i to utgåver og leiar i alle, og han tek òg mange bilete.

Meldingar i blad:

1/18: Sogesong, Gard Nergaard & Michael Krumins og *Music Without Borders*
2/18: *Folkliga koraler från Dalarna*, Leif Rygg, Bjarne Pålerud, GKN5, *Den store leken* og Anders Lillebo
3/18: Fredholms trio, Alfred Maurstad, Øyvind Brabant, *Sang og dans i det unge Norge*, samtidsfolkemusikk (Flaten, Haltli), vokal folkemusikk (Furholt, Solli), Stampestuen og Frak
4/18: Anne Hytta, *Folkemusikk* nr. 3/18, Knut Hamre, fele- og hardingfeleplater, grenselandplater, *Musikk fra Målselv*, *Kvalitetsforhandlinger* og 11 juleplater.

Bidragstytarar i Folkemusikk

Bidragstytarane i Folkemusikk er i stor grad folk som er på innsida av ulike folkemusikk- og folkedansmiljø i Noreg. Nokre har vore med i ei årrekke, men redaktøren er oppteken av å jamleg rekruttere nye skribentar og fotografar. I 2018 debuterte åtte personar med tekst og drygt 20 med foto i Folkemusikk. Totalt bidrog 36 personar med tekst og drygt 70 med foto til Folkemusikk i 2018. Nøyaktig ein tredel er kvinner, ein andel redaktøren godt kan tenke seg å auke i 2019.

Bidrag i tre eller fire nummer: Bjørn Aksdal, Sigbjørn Apeland, Ragnhild Knudsen, Bjørn

Laupsa-Borge, Arvid Skancke-Knutsen, Mette Vårdal og Vegar Vårdal

Bidrag i to nummer: Kjell Bitustøyl, Johanne Flottorp, Haldis Folkedal, Gjermund Kolltveit og Marianne Lystrup

Fotografar i tre eller fire nummer: Annuska dal Maso, Thor Hauknes, Runhild Heggem, Bjørn Laupsa-Borge, Ingvil Skeie Ljones, Marianne Lystrup, Ketil Sandviken og Knut Utler

Fotografar i to nummer: Geir Birkeland, Kjell Bitustøyl, Henrik Kamphus, Nils J. Maudal, Liv-Annette Nygjerdet og Thomas Westling
23 skribentar og 57 fotografar bidrog kvar til ei utgåve. Mange foto kjem frå fotoarkivet til Spelemannsbladet, frå ulike historiske arkiv, norsk medium og Wikimedia og liknande fribrukstenester.

Folkemusikk.no

På folkemusikk.no, nettsida til magasinet Folkemusikk, blir det stort sett publisert stoff som ikkje er å finne i bladet. Folkemusikk-redaktøren er òg redaktør for nettstaden. Hovudvekta av stoff er meldingar, meiningsytringar og nyhendesaker. I 2018 blei det publisert totalt 49 einskilde saker, fordelte på desse kategoriane:

Meldingar: 26 kritikktestar, som til saman vurderte 25 plater, to bøker og fire sceniske verk.


Anna: sju nyhendesaker, sju meiningsytringar, fire djupneartiklar («tett på») og eitt tilbakeblikk.

Årsmelding for FolkOrg 2018

Styret i FolkOrg godkjenner årsmelding for 2018




Hilde Reitan
Styreleiar



Camilla Granlien
Nestleiar



Helene Myklemyr
Bolstad
Nestleiar



Kristian Ihle
Hanto
Styremedlem



Kjellbjørn
Karsrud
Styremedlem




Silje Solberg
Styremedlem



Thor Hauknes
Styremedlem



Linda Dyrnes
Dagleg leiar

The image shows two women in the foreground, smiling and dancing together. They are wearing traditional Norwegian folk costumes (bunad). The woman on the left has a red vest with intricate embroidery and a white blouse with puffed sleeves. The woman on the right has a red vest with a large, colorful embroidered panel and a white blouse. They are holding hands and appear to be in the middle of a dance. In the background, other people in similar costumes are visible, and the stage is lit with warm, circular lights. The overall atmosphere is festive and cultural.

“Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfald, eigenart, aktivitet, musikkglede, danseglede, og vere ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon”

FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans